

TRAVELERS SEPTEMBER 2015 | TRAVELERS AND





Informasjon om **Statnett sitt arbeid i Suldal**

Statnett skal i samarbeid med det britiske selskapet National Grid bygge straukabel mellom Kvilldal i Suldal kommune og Blythe i Storbritannia. Det nye mellomlandssambandet blir den lengste undersjøiske straukabelen i verda

Informasjonsmøte i Suldal 30. september

No startar kabelprosjektet opp grunn- og tunnelarbeidet som skal legge til rette for installering av straukabel, og bygging av ein straumrettarstasjon i Kvilldal. Statnett inviterer derfor til informasjonsmøte onsdag 30. september kl. 19.00 på bedehuset i Suldalsosen.

Arbeidet startar opp med planering av tomt for straumrettarstasjon i Kvilldal. Vi vil også starte førebuande arbeid i Djupevika, på Strandanes og Helganes. Det kjem til å vere 20-50 personar i arbeid på anleggsplassane gjennom to år med tunnel- og grunnarbeid. Hovudentreprenør for dette arbeidet er Implenia Norge.

Vi ynskjer alle interesserte velkomne til informasjonsmøtet. Det blir enkel servering.

Kontaktperson frå Statnett er Pernille Dørstad, pernille.dorstad@statnett.no,
tlf: 23 90 30 00

Informasjon om prosjekta finn du på: www.statnett.no/kabel-til-england